



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
30.10.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/6290 421.3  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak - Radøy - Gnr 29 bnr 10 - Ny grunneigedom for heilårsbustad**

Vi viser til brev frå Radøy kommune datert 02.10.2017. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formål i arealdel av kommuneplanen for frå-delning av ei bustadtomt frå gnr 29 bnr 10. Tomta er på om lag 900 m<sup>2</sup>. Omsøkt areal ligg vidare innanfor 100-metersbeltet mot sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 der det er bygge- og deleforbod.

Det vart gjeve dispensasjon og løyve til deling i Radøy kommune sitt vedtak datert 21.06.2017, sak 029/17.

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Hordaland i brev av 04.07.2017.

I brev datert 06.07.17 er det gjort avgjerd om ikkje å gje utsett iverksetting av vedtaket.

Klagen vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 13.09.17 der kommune sitt vedtak i sak 036/2017 vart oppretthalde og klagen ikkje tatt til følge.

Kommunen skriv i saksutgreiinga: *Utfordringa er at både høyringsuttaler og klager i dispensasjonssaker kjem frå Kommunal- og samfunnsplanavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland og ikkje frå Landbruksavdelinga.* Fylkesmannen vil her peike på at Fylkesmannen både uttaler seg og klager som eit samla embete. Klaga kjem frå Fylkesmannen og ikkje frå Kommunal- og samfunnsplanavdelinga.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Tore Vågenes	Vågenesvegen 176	5936	MANGER